



Laila T. Fjellanger  
Gamle prestavegen 13  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5872 - 14/21991

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
29.09.2014

## Gbnr 108/6 Lindås. Deling av grunneigedom for arealoverføring til gbnr108/279.

Eigedom: gnr.108 bnr.6 Lindås  
Adresse for eiged.: Gamle Prestavegen 15,5955 Lindås  
Type tiltak: Deling av grunneigedom for arealoverføring  
Heimelshavar: Laila Tykhelle Fjellanger  
Søkar: Laila Tykhelle Fjellanger

### Saka gjeld:

Heimelshavar ynskjer og skilje ut om lag 800m<sup>2</sup> areal klassifisert som tun i gardskartet. Arealet skal overførast til gnr.108 bnr.279, som er staden der søkaren bur. Samstundes med den søknaden som vert handsama her, har søkar i ein annan søknad bede om løyve til å dele frå bustadhuset på gnr.108/6. Det er gjeve løyve til denne delinga i sak 2014/5873.

### Plansituasjon/dispensasjonar:

Tiltaket ligg i eit område som i gjeldande plan er sett av til bustadføremål B21. I føresegnene til planen er det krav om regulering før bygging og det ligg og føre eit rekkefølgekrav knytt til ny veg gjennom feltet. Det er såleis naudsynt med dispensasjon for å gjennomføre tiltaket det er søkt om.

Kommunen finn likevel grunn for å handsame den søknaden som ligg føre her, utan å handsame spørsmålet om dispensasjon. Dette vert grunngeve med at spørsmålet om dispensasjon er drøfta i samband med sak 2014/5873. Spørsmålet om dispensasjon er og drøfta av Plan- og miljøutvalet i samband med ei tilsvarande sak på naboiegdommen 108/5. Såleis meiner administrasjonen spørsmålet er tilstrekkeleg kasta lys over, og ikkje treng takast opp her.

Tilsvarande finn ein heller ikkje grunn til å vurdere delinga det er søkt om her i høve til jordlova §12, då og dette er drøfta grundig i samband med dei nemnde sakene.

Søknaden her vert såleis handsama som ein rein delingssak etter pbl §20-1 bokstav m).



**VEDTAK:**

Med heimel i Pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommunen løyve til delinga av om lag 800m<sup>2</sup> tunareal frå gnr.108 bnr.6 for overføring til og samanføring med, gnr.108 bnr.279, slik det er søkt om og synt på kart 2 i søknad stempla motteke i kommunen 14.07.2014.

**Grunngjeving for vedtaket:**

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §§20-1 og 26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av om lag 800m<sup>2</sup> areal klassifisert som tunareal for å overføre det til ein eksisterande bustadeigedom 108/279. Det er søker som eig denne eigedommen. Tiltaket ligg i område sett av til bustadføre mål. Frå før er spørsmålet om dispensasjon frå kravet om regulering vurdert og funne i orden, då tiltaket er i samsvar med gjeldande plan. I denne planen er og spørsmålet om å sette av landbrukseigedommen 108/6 til bustadføre mål vurdert av overordna mynde, som har godkjend planen.

Tiltaket er såleis i samsvar med gjeldande plan på staden.

Søknaden er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i pbl. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til er gjeve fell løyvet bort, jf. Pbl § 21-9.

**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke i desember 2013 gjeldande for 2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Delingssøknad, uregulert område, andre føremål kr.5800,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak i høve til føresegnene i Forvaltningslova. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§ 28 flg. Sjå vedlegg.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakarar:**

Laila T. Fjellanger

Gamle  
prestavegen 13

5955

LINDÅS